



SAMLA SAKSFRAMSTILLING Tysnes kommune

Arkivsak : 22/320 -
Arkivkode: 102

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 72/22	FORMANNSKAPET	27.10.2022
PS 78/22	FORMANNSKAPET	10.11.2022
PS 88/22	FORMANNSKAPET	24.11.2022
PS 37/22	KOMMUNESTYRET	15.12.2022

FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2023 - ØKONOMIPLAN 2023 - 2026

Vedlegg: BUDSJETTNOTAT FRAMLAGT AV RÅDMANN
PARTSBREV - BUDSJETT 2023 FOR KONTROLLUTVALET - TYSNES
KOMMUNE
SAKSFRAMLEGG MED VEDTAK.PDF
BUDSJETT 2023 - TALARK TIL SAKA.PDF
VAKTBIL - TYSNES BRANN OG REDNING
PRESISERINGAR OM SYMJEHALLPROSJEKT - ØKONOMIPLAN 2023 -
2026
GEBYRREGULATIV LANDBRUK OG TEKNISK 2023
HAVBRUKSFONDET
NOTAT OM DEMOGRAFI OG BARNEHAGAR
BETALISSATSAR ALKOHOL OG TOBAKK 2023
BETALINGSSATSER OPPVEKST - 2023
BETALINGS- OG HUSLEIGESATSAR I HELSE OG OMSORG 2023

SAKSUTGREIING:

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 24.11.2022:

Møtet vart lukka i medhald av Kommunelova § 11.5 og Forvaltingslova § 23 i samband med behandling av tilbud Onarheim barnehage. Samrøystes.

Tilboda er ikkje innanfor kommunestyret sine økonomiske føresetnadar og konkurransen vert av den grunn avlyst.

Møtet vart opna igjen.

Framlegg til vedtak frå Høgre og Senterpartiet:

«Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan slik den ligg foreslått, med følgjande endringar:

1. Forventa skatteinntekt blir justert opp med kr 300.000, i tråd med Kontali sin rapport om forventa skatteinntekt frå havbruksnæringa i 2023.
2. Eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7%, men står fast på same kronebeløp som i 2022.
3. Kommunestyret legg ikkje opp meir sommarstengte barnehagar slik som foreslått i budsjett, og aukar utgiftsbehovet med kr 300.000. Når rådmann leitar etter innsparingar for året 2024 ser kommunestyret at ein også kan sjå etter innsparingar i barnehagen, men dette må behandlast i SU og andre relevante medverknadsorgan.
4. Kommunestyret legg opp til tiltak for straumsparing tilsvarande kr 300.000. Dette er forventa gevinst på investeringar som ligg i økonomiplan. Utgift til straum blir difor justert ned kr. 300.000. Det skal leggjast fram sak for formannskapet med forslag til sparetiltak tidleg 2023.
5. Justerer netto driftsresultat kroner minus 161.500
6. Kommunestyret aukar posten på investering på 6.6 «Vaktbil brannvesen» til kr. 825.000.

Tekstframlegg:

1. Kommunestyret ynskjer at treffstad for ungdom fortsetter å ha opent to dagar i veka også i 2023. Dette skal løysast gjennom å nytta eksisterande ressursar i eining «Barn og familie». Det kan flyttast ressursar i barnevernet frå forvaltning til førebyggjande arbeid når situasjonen tilseier dette. Dette kan også gjennomførast i samarbeid med frivilligsentralen.
2. Kommunestyret ynskjer at ein også i 2023 klarar å gjennomføra seniortreff saman med frivillige lag og organisasjonar. Det kan søkast midlar til dette gjennom handlingsplan for «leve hele livet»
3. Kommunestyret ynskjer ein rullering av retningslinjene for bruk av husbankmidlar

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2023 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2023 på 2,9 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2020.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og nye rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2023 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2023
- b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2023
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2023

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2023. Lån på 14,55 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarande kr. 10 mill for 2023. Lån på 10 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid. «

Framlegg til vedtak frå AP, FrP og KrF:

«Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan slik den ligg før med desse endringane:

1. Tek bort investeringar 1-10 skule på Gjerstad
2. Legg inn utbetring av Uggdal skule med 10 mill, 5 mill i 2023 og 5 mill i 2024
3. Ny barnehage for Våge/Uggdal krins med 50 mill i 2026 (kan skyves på).
4. Nytt basseng Tysnes kommune sin investeringsdel 33%, 23 mill (2025)

Dette vil gi ei investerings besparing på 23 mill i perioden fram til 2026 ifht Rådmanannen sitt forslag, og dermed reduserte drift og finansutgifter.

For driftsbudsjettet 2023 legg vi inn

1. Å oppretthalde kr. 187.000,- for næringsliv og reiseliv
2. Kommunestyret ynskjer at ein opprettheld kr. 50.000,- til seniortreff

På inntekts sida i driftsbudsjettet etterlyser vi stipulert beløp til reklameinntekter i Tysneshallen.»

Framlegg til vedtak frå Ap, Frp og KrF må byggja på same formale føresetnader som framlegg frå H og Sp, det er i tillegg ønskjeleg å sjå litt på konsekvensar av endringar og saldering, Dette vert klargjort til kommunestyre si endelege handsaming.

Votering:

Framlegget frå Høgre og Senterpartiet fekk 5 røyster (KMK, JED, KPM, AL, KTGK)

Framlegget frå Arbeidarpartiet, KrF og FrP fekk 2 røyster (MS, AM)

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 24.11.2022 MED 5 RØYSTER (K.M.K. J.E.D., K.P.M., A.L., K.T.G.K.:

Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan slik den ligg foreslått, med følgjande endringar:

1. Forventa skatteinntekt blir justert opp med kr 300.000, i tråd med Kontali sin rapport om forventa skatteinntekt frå havbruksnæringa i 2023.
2. Eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7%, men står fast på same kronebeløp som i 2022.
3. Kommunestyret legger ikkje opp meir sommarstengte barnehagar slik som foreslått i budsjett, og aukar utgiftsbehovet med kr 300.000. Når rådmann leitar etter innsparingar for året 2024 ser kommunestyret at ein også kan sjå etter innsparingar i barnehagen, men dette må behandlast i SU og andre relevante medverknadsorgan.
4. Kommunestyret legger opp til tiltak for straumsparing tilsvarande kr 300.000. Dette er forventa gevinst på investeringar som ligg i økonomiplan. Utgift til straum blir difor justert ned kr. 300.000. Det skal leggest fram sak for formannskapet med forslag til sparetiltak tidleg 2023.
5. Justerer netto driftsresultat kroner minus 161.500
6. Kommunestyret aukar posten på investering på 6.6 «Vaktbil brannvesen» til kr. 825.000.

Tekstframlegg

1. Kommunestyret ynskjer at treffstad for ungdom fortsetter å ha opent to dagar i veka også i 2023. Dette skal løysast gjennom å nytta eksisterande ressursar i eining «Barn og familie». Det kan flyttast ressursar i barnevernet frå forvaltning til førebyggjande arbeid når situasjonen tilseier dette. Dette kan også gjennomførast i samarbeid med frivilligsentralen.
2. Kommunestyret ynskjer at ein også i 2023 klarar å gjennomføra seniortreff saman med frivillige lag og organisasjonar. Det kan søkast midlar til dette gjennom handlingsplan for «leve hele livet»
3. Kommunestyret ynskjer ein rullering av retningslinjene for bruk av husbankmidlar

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2023 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2023 på 2,9 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2020.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og nye rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2023 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2023
- b. Betalingsatsar – oppvekstsektoren 2023
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2023

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2023. Lån på 14,55 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarande kr. 10 mill for 2023. Lån på 10 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 24.11.2022 MED 2 RØYSTER (MS OG AM)

Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan slik den ligg før med desse endringane:

1. Tek bort investeringar 1-10 skule på Gjerstad

2. Legg inn utbetring av Uggdal skule med 10 mill, 5 mill i 2023 og 5 mill i 2024
3. Ny barnehage for Våge/Uggdal krins med 50 mill i 2026 (kan skyves på).
4. Nytt basseng Tysnes kommune sin investeringsdel 33%, 23 mill (2025)

Dette vil gi ei investerings besparing på 23 mill i perioden fram til 2026 ifht Rådmanannen sitt forslag, og dermed reduserte drift og finansutgifter.

For driftsbudsjettet 2023 legg vi inn

1. Å oppretthalde kr. 187.000,- for næringsliv og reiseliv
2. Kommunestyret ynskjer at ein opprettheld kr. 50.000,- til seniortreff

På inntekts sida i driftsbudsjettet etterlyser vi stipulert beløp til reklameinntekter i Tysneshallen.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 15.12.2022:

Representanten Myklestad (AP) sette fram følgjande framlegg til vedtak frå AP, KrF og FrP.

Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan slik den ligg føre med desse endringane:

1. Tek bort investeringar 1-10 skule på Gjerstad
2. Eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7%, men står fast på same kronebeløp som i 2022
3. Legg inn utbetring av Uggdal skule med 10 mill, 5 mill i 2023 og 5 mill i 2024
4. Ny barnehage i Uggdal 50 mill (2026)
5. Nytt basseng Tysnes kommune sin investeringsdel 33% 23 mill (2025)

Drift

1. Kommunestyret ynskjer at ein opprettheld kr. 50.000 til seniortreff
2. Å oppretthalde 187.000,- for næringsliv og reiseliv

Midlar frå forventa auke i skatteinntekt (om lag 300.000,-) vert nytta for å dekke inn desse to postane.

Kommunestyret ynskjer at treffstad for ungdom fortsetter å ha opent to dagar i veka også i 2023. Dette skal løysast gjennom å nytta eksisterande ressursar i eining barn og familie. Det kan flyttast ressursar i barnevernet frå forvaltning til førebyggjande arbeid når situasjonen tilseier dette. Dette kan også gjennomførast i samarbeid med frivilligsentralen.

Representanten Fjeldet Lunde (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak frå Høgre og Senterpartiet.

Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan i samsvar med rådmannen sitt framlegg, med følgjande endringar:

1. Forventa skatteinntekt blir justert opp med kr. 300 000, i tråd med Kontali sin rapport om forventa skatteinntekt frå havbruksnæringa i 2023.
2. Inntekt frå eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7 %, men står fast på same kronebeløp som i 2022.
3. Kommunestyret legg ikkje opp til lengre sommarstenging av barnehagar, slik som føreslått i budsjett, og aukar utgiftsbehovet med kr. 300 000. Når rådmann leitar etter innsparingar for året 2024 ser kommunestyret at ein også kan sjå etter

- innsparingar i barnehagen, men dette må behandlast i SU og andre relevante medverknadsorgan.
4. Kommunestyret legg opp til tiltak for straumsparing tilsvarande kr. 300 000. Dette er forventa gevinst på investeringar som ligg i økonomiplan. Utgift til straum blir difor justert ned med kr. 300 000. Det skal leggjast fram sak for formannskapet med forslag til sparetiltak tidleg 2023.
 5. Det vert sett av kr. 50 000 til gjennomføring av seniortreff i 2023. Det skal søkjast støtte til dette med bakgrunn i «Handlingsplan for eit aldersvenleg samfunn», og avsetjinga vil såleis ikkje gjere utslag på netto driftsresultat.
 6. Netto driftsresultat vert justert til kr. -161 500.
 7. Endring i kapittel 6.3 «Eksisterande bygg og anlegg»: Namn på posten skal endrast frå «Rehabilitering av symjehallen» til «Symjehallprosjekt». Det skal leggjast inn i tekstdelen følgjande tekst: «Det skal utgreiast moglegheit for å byggja nytt basseng i staden for å rehabilitere eksisterande anlegg. Det skal også utgreiast om det finst ei meir føremålstenleg plassering av bassengbygget».
 8. Tillegg til teksten i kapittel 6.5 «Eigedom, bustad og næring», etter andre punktum i tekstdelen: «Midlane kan også nyttast til å sikre seg grunn i område som blir avsett og regulert til bustadfelt i oppfølging av arealplanen.»
 9. Kommunestyret aukar posten på investering på 6.6 «Vaktbil brannvesen» til kr. 825 000.

Tekstframlegg

1. Kommunestyret ynskjer at treffstad for ungdom held same aktivitetsnivå som i 2022. Dette skal løysast gjennom å nytta eksisterande ressursar i eining «Barn og familie». Det kan flyttast ressursar i barnevernet frå forvaltning til forebyggjande arbeid når situasjonen tilseier dette. Dette kan også gjennomførast i samarbeid med frivilligsentralen. Om det treng prioriterast mellom ulike tiltak, skal det opp sak om dette i tenesteutvalet.
2. Kommunestyret ynskjer ei rullering av retningslinjene for bruk av husbankmidlar i løpet av våren 2023.
3. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram sak om etablering av ladeinfrastruktur for elbilar ved alle kommunale bygg, samt for etablering av hurtigladdestasjonar i alle bygder (Onarheim, Lunde, Våge, Uggdal, Bruntveit) i løpet av 2023.

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2023 utskrivning av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2023 på 2,9 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2020.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt frå eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og nye rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommune med verknad frå 1. januar 2023, og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2023
- b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2023
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2023

«Kommunestyret subsidierer følgjande gebyrtypar innanfor kart og oppmåling:

- Punkt 3.2.2.1 grensejustering av areal for grunneigedom, festegrund og jordsameige med areal frå 0 – 250 m2 med kr. 5 000.
- Punkt 3.2.2.2 grensejustering av anleggseigedom med areal frå 0 – 250 m3 med kr. 5 000.
- Punkt 3.2.4 klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning - for inntil to punkt med kr. 5 000.
- Punkt 3.2.5 klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/eller klarlegging av rettar - For inntil 2 punkt med kr. 5 000.»

I pkt. 2.19 Div. saker vert gebyr for førehandskonferanse justert ned frå føreslått kr. 6 600 til kr. 2 309, tilsvarande som sats for 2022.

Sidan gebyra med subsidiering utgjer ein relativ liten del av dei samla gebyrinntekta, der det uansett er ein del uvisse om talet saker gjennom eit år, trengs det ikkje gjerast ei endring i talgrunnlaget elles på bakgrunn av ei slik subsidiering.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2023. Lån på 14,55 MNOK vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarande 10 MNOK for 2023. Lån på 10 MNOK vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Mindretallsframlegget og fleirtallsframlegget frå formannskapet vart røysta over og fekk 0 stemmer.

Budsjettframlegget til AP, KrF og FrP fekk 6 røyster.

Budsjettframlegget til H og SP fekk 14 røyster.

Budsjettframlegget til H og SP vart vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 15.12.2022:

Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan i samsvar med rådmannen sitt framlegg, med følgjande endringar:

1. Forventa skatteinntekt blir justert opp med kr. 300 000, i tråd med Kontali sin rapport om forventa skatteinntekt frå havbruksnæringa i 2023.
2. Inntekt frå eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7 %, men står fast på same kronebeløp som i 2022.
3. Kommunestyret legg ikkje opp til lengre sommarstenging av barnehagar, slik som føreslått i budsjett, og aukar utgiftsbehovet med kr. 300 000. Når rådmann leitar etter innsparingar for året 2024 ser kommunestyret at ein også kan sjå etter innsparingar i barnehagen, men dette må behandlast i SU og andre relevante medverknadsorgan.
4. Kommunestyret legg opp til tiltak for straumsparing tilsvarande kr. 300 000. Dette er forventa gevinst på investeringar som ligg i økonomiplan. Utgift til straum blir difor justert ned med kr. 300 000. Det skal leggjast fram sak for formannskapet med forslag til sparetiltak tidleg 2023.
5. Det vert sett av kr. 50 000 til gjennomføring av seniortreff i 2023. Det skal søkjast støtte til dette med bakgrunn i «Handlingsplan for eit aldersvenleg samfunn», og avsetjinga vil såleis ikkje gjere utslag på netto driftsresultat.
6. Netto driftsresultat vert justert til kr. -161 500.
7. Endring i kapittel 6.3 «Eksisterande bygg og anlegg»: Namn på posten skal endrast frå «Rehabilitering av symjehallen» til «Symjehallprosjekt». Det skal leggjast inn i tekstdelen følgjande tekst: «Det skal utgreiast moglegheit for å byggja nytt basseng i staden for å rehabiliterare eksisterande anlegg. Det skal også utgreiast om det finst ei meir føremålstenleg plassering av bassengbygget».
8. Tillegg til teksten i kapittel 6.5 «Eigedom, bustad og næring», etter andre punktum i tekstdelen: «Midlane kan også nyttast til å sikre seg grunn i område som blir avsett og regulert til bustadfelt i oppfølging av arealplanen.»
9. Kommunestyret aukar posten på investering på 6.6 «Vaktbil brannvesen» til kr. 825 000.

Tekstframlegg

1. Kommunestyret ynskjer at treffstad for ungdom held same aktivitetsnivå som i 2022. Dette skal løysast gjennom å nytta eksisterande ressursar i eining «Barn og familie». Det kan flyttast ressursar i barnevernet frå forvaltning til førebyggjande arbeid når situasjonen tilseier dette. Dette kan også gjennomførast i samarbeid med frivilligsentralen. Om det treng prioriterast mellom ulike tiltak, skal det opp sak om dette i tenesteutvalet.
2. Kommunestyret ynskjer ei rullering av retningslinjene for bruk av husbankmidlar i løpet av våren 2023.
3. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram sak om etablering av ladeinfrastruktur for elbilar ved alle kommunale bygg, samt for etablering av hurtigladestasjonar i alle bygder (Onarheim, Lunde, Våge, Uggdal, Bruntveit) i løpet av 2023.

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2023 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2023 på 2,9 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2020.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt frå eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og nye rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommune med verknad frå 1. januar 2023, og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- d. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2023
- e. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2023
- f. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2023
- g.

Kommunestyret subsidierer følgjande gebyrtypar innanfor kart og oppmåling:

- Punkt 3.2.2.1 grensejustering av areal for grunneigedom, festegrunn og jordsameige med areal frå 0 – 250 m² med kr. 5 000.
- Punkt 3.2.2.2 grensejustering av anleggseigedom med areal frå 0 – 250 m³ med kr. 5 000.
- Punkt 3.2.4 klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning - for inntil to punkt med kr. 5 000.
- Punkt 3.2.5 klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/eller klarlegging av rettar - For inntil 2 punkt med kr. 5 000.»

I pkt. 2.19 Div. saker vert gebyr for førehandskonferanse justert ned frå føreslått kr. 6 600 til kr. 2 309, tilsvarande som sats for 2022.

Sidan gebyra med subsidiering utgjer ein relativ liten del av dei samla gebyrinntekta, der det uansett er ein del uvisse om talet saker gjennom eit år, trengs det ikkje gjerast ei endring i talgrunnlaget elles på bakgrunn av ei slik subsidiering.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2023. Lån på 14,55 MNOK vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarande 10 MNOK for 2023. Lån på 10 MNOK vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.